

MELDING  
om  
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR  
i  
ROGALAND  
1989

Namnet på vatnet

Øvingvatnet

Kommune .....

Bjerkreim

Markarbeidet, arbeid med materialet og skriving av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap v/ Einar Berg etter retningsliner frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge - Øyvind Vasshaug.

## R U N G E V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 2. september 1979.

Vatnet ligg i Bjerkreim kommune, sør for Eikeland, og nord for Forevatni.

Arealet er omlag 9 ha, og h.o.h. 110 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men det er jamt over så grunt at ein kan sjå botn over store deler.

Stranda består av stein og fjell. Gjørmebotn dominerar på djupet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Vegetasjonen i strandsona er frodig og ein vil finna botngras, brasmegras, nøkkeroser, flotgras, tjønnaks, siv- og algevegetasjon. Det siste året har algevegetasjonen vore sers frodig i den nordre delen.

Nedslagsfeltet består for ein del av kulturbeiter, men og noko snaumark og naturskog.

Noko hovudtilsig har ikkje dette vatnet, men div. småbekker fell inn ymse stader.

Avlaupet renn ut i nord og går til Ognaelva.

Dei kjemiske tilhøva.

Fargen på vatnet er brunleg-gul som indikerar påverknad av humus (myr).

Surheita pH er målt til 5.5 som er godt brukande for ferskvassfisk. Innhaldet av kalsium (Ca/l) er målt til 2.50 mg/l og den totale hardheita (CaO/l) til 3.50 mg/l. Vatnet er kalkfattig, men likevel relativt bra samanlikna med andre analyserte vatn.

Elektrisk leiingsemne (uS/cm) = 35.9.

Gjennomstrøyminga er liten.

Mageprøver.


For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidpunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 4 fiskar. Her vart det funne vårflugelarver, vannkalvlarver, øyestikkerlarver, hoppekreps, linsekreps, daphnia og div. luftinsekter.

### Fisk m.v.

Fiskeslaga er aure og røyr.

Det vart sett ut garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 72 aurar og 1 røyr.

Fordeler vi fangsten på omfara, og vidare på cm-klassar, får vi desse grafiske framsyningane.



Det vart teke prøver av 25 aurar og av desse var 15 røde, 9 lys-røde og 1 kvit i fiskekjettet.

Ingen av fiskane var angripne av parasittar.

Vidare var det 14 hanfisk og 11 hofisk.

10 av prøvefiskane (40%) var gytefisk - resten gjeldfisk.

Medelvekta av heile fangsten var 129,0 gram.


Største fisk 270 gram.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter				
	1år	2år	3år	4år	5år
Medellengde i cm	4.7	9.2	14.9	20.9	25.2
Årleg lengdetilvekst i cm	4.7	4.5	5.7	6.0	4.3
Antall fiskar	25	25	25	25	17

Medel kondisjonsfaktor = 0.96 tilseier medels kvalitet.

Vi har nedanfor sett opp ein vekstkurve for auren i Rungevatnet og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr.år).



Som vi vil sjå av vekstkurven, så syner auren i Rungevatnet stort sett ein normal lengdetilvekst. Fisken går mot ei maksimal lengd på ca. 30 cm, men det er berre få fiskar som når opp i denne storleiken.

#### Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som medels næringsrikt og med eit fiskebestand som er litt i overkant av vatnet si bæreemne.

Dei kjemiske tilhøva er godt brukande for aure og "Bufferemna" såpass god at det vil bli små svingningar i pH gjennom året.

Mageprøvene syner at mange arter av næringsdyr er å finna.

Omfarfordelinga fortel at småfisken dominerar og den mest vanlege fiskestorleiken er 22-25 cm.

Kondisjonsfaktor og vekstkurve er relativt bra.

Som kjent spelar nedslagsfeltet ei avgjerande rolle når det gjeld næringstilgang og fylgjeleg fiskeproduksjon. Det er herfrå at vatna får tilsiga sine og dei stoffa som tilsiga fører med seg vil setje sitt preg på vatnet - enten til godt eller vondt.

Nedslagsfeltet for Rungevatnet består for ein del av kulturbeiter og tilsiga herfrå vil gi ein viss gjødsel-effekt. Elles består undergrunnen av harde og sure bergarter, slik at om ein ikkje hadde såpass stort areal med beitemark, ville vatnet vore vesentleg surare enn i dag. Nedslagsfeltet er såleis for ein del i stand til å nøytralisere den sure nedbøren og tilhøva for fisken blir godt brukande.

Gytetilhøva må karakteriserast som noko dårlege og stort sett er det utfallsbekken som står for rekrutteringa.

#### Praktiske tiltak.

Då fiskebestanden i Rungevatnet ser ut til å vera i største laget, må fisket intensiverast noko i åra framover. Dette vil gi positivt utslag på fiskestorleik og kvalitet.

Som nemnt er gytetilhøva heller dårlege, og når det likevel er i meste laget med fisk, må dette koma av eit altfor lite fiske i seinare år. Vatnet er grunt og såleis produktivt over det heile. Reknar vi med ei avkastning på ca. 6.0 kg.pr.ha. tilsvarar dette ca. 50-60 kg pr. år. Kor mykje det årleg har vorte fiska har ein ikkje kjennskap til, men det ville vore av interesse om dette vart notert, då ein med dette som bakgrunn ville kunna få ein påliteleg statistikk over produksjonsemna.

Skulle det syne seg at rekrutteringa blir for liten ved ei intensivering av fisket, kan dette rettast på ved utsetjing av settefisk. Prøvefisket vårt synte at det også er røyr i Rungevatnet. Rett nok vart det berre fanga 1 fisk, så noko stort røyrbestand er det neppe. Då vatnet er såpass grunt, og stort sett med vegetasjon- og gjørmebotn over det heile, høver det heller ikkje særleg godt for røyrproduksjon.

I den nordre delen oppstod det i 1979 ein kraftig algevegetasjon, noko ein aldri har sett tidligare. Det er grunn til å tru at denne oppblomstringa skuldast tilsig av gjødsel frå kulturbeite, då denne nordre delen har vorte gjødsla dette året. P.G.A. den regnfulle sumaren har gjødsla vorte utvaska og tilført vatnet. I det heile er vatnet så grunt mange stader, at ein ved tilføring av gjødsel i nedslagsfeltet, kan risikere ei viss gjengroing av dei grunnaste partiene. Fåren for oksygenkvitt vil alltid vera til stades i vatn av dette slaget. Årsaka er, at is og snø isolerar for lyset og dermed set ned plantene si assimilasjonsemne. Når plantene så åndar, kan dei bruke så mykje surstoff av det som fins oppløyst i vatnet, at det kan oppstå oksygenkvitt og fiskedød. Slike ting kan også inntreffa om sumaren. Vi berre nemner dette, utan at det nødvendigvis vil inntreffa noko slikt i Rungevatnet.

Alt i alt er Rungevatnet eit idyllisk lite fiskevatn, som ligg lageleg til, med bilveg like til strandkanten. Vatnet er lite og oversikteleg, og fiskebestanden lett å halda under kontroll, då ein ved hjelp av garn kan føre fiskebestanden til det nivå ein sjølv måtte ynskje.

Stavanger 8. februar 1980  
Einar Berg